


TIME KOMMUNE
**TRYGG OG
FRAMTIDSRETTA**



**PLAN FOR KULTURSKULEN
I TIME 2008-2012**



INNHALD

	Side
Forord	3
Innleiing	4
1. Time kulturskule anno 2008	5
A. Omfang og aktivitet ved kulturskulen	5
B. Nasjonalt og regionalt samarbeid	9
C. Kulturskulen som lokalt ressursenter	10
D. Elevantalprognosar, aldersfordeling og venteliser	12
E. Elevkontingent	14
2. Handlingsplan – mål og tiltak	15
3. Administrative og økonomiske konsekvensar av handlingsplanen	18
Vedlegg: Litteraturliste	19



Forord

Visjonen om LIVSGLEDE OG KULTUR i samfunnsdelen av kommuneplanen og visjonen for tenestområdet Oppvekst at "Alle barn og unge har oppvekstvilkår som gir dei lyst på livet og evne til å meistra det" har vore lagt til grunn for arbeidet med plan for kulturskulen i Time kommune.

Driftskomiteen vedtok i sak 29/06: "Administrasjonen legg fram nyutvikla kulturskuleplan. Plandokumentet skal ta utgangspunkt i nasjonale og lokale føringar og setja desse inn i eit langtidsperspektiv. Målet for langtidsperioden i Timeplan 2007-2010 var å "sikra auken i drifta lik auken i barne- og elevtalet i kommunen generelt".

Leiarmøtet har vore styringsgruppe for planarbeidet. Det vart oppnemnd ei prosjektgruppe med slik samansetting:

Astrid Fjell – prosjekteigar (kulturskulen)

Guri Årsvoll – prosjektleiar (kulturskulen)

Magne Kvilhaug – prosjektkoordinator (økonomiavdelinga)

Prosjektgruppa sitt mandatet:

1. Planen skal innehalda ein BESKRIVANDE DEL:

- a. Omfang og aktivitet ved kulturskulen i dag.*
- b. Regionale og statlege/nasjonale føringar*
- c. Kulturskulen som ressurscenter*
- d. Aldersgrenser, aldersfordeling og ventelister*
- e. Muligheiter for interkommunalt samarbeid.*

2. Planen skal innehalda ein HANDLINGSDEL:

- a. Målsettingar for vidare utvikling og drift av kulturskulen*
 - i. Kulturskulen i lys av byutvikling og folkeauke*
 - ii. Skulen sine muligheiter og utfordringar elles.*
- b. Tiltak og verkemiddel for å nå langsiktige og kortsiktige mål*

3. Planen skal gjera greie for dei ADMINISTRATIVE OG ØKONOMISKE KONSEKVENSAANE av handlingsdelen av planen. Planen skal rullera saman med økonomiplanen kvart år.

I løpet av planprosessen skal eit planutkast leggjast fram for m.a:

- Time musikkråd og SU ved Kulturskulen*
- Undervisningsinspektørane ved barneskulane*
- Tilsette ved kulturskulen*
- Tillitsvalde*

Bryne 29.09. 2008

Ørjan Daltveit
kommunalsjef oppvekst

Astrid Fjeld
rektor Time kulturskule

Innleiing

Ein kulturskuleplan skal sikra målet om at kommunen har ein kulturskule som ivaretek opplæringsbehovet til barn og unge innan musiske og estetiske fag.

Del 1 gir ein kort historisk oversikt over kulturskulen sin utvikling. Omfang og aktivitet ved kulturskulen i dag går fram av Del A. Nasjonalt og regionalt samarbeid, statlege føringar for kulturskuletilbodet går fram av Del B.

I Del C tek planen opp kulturskulen som lokalt ressurscenter. Del D gjer greie for elevtalsprognosar, aldersfordeling og ventelister. Del E tek opp betalingsatsane i dag og framover.

Del 2 er planen sin handlingsdel. Handlingsdelen legg vekt på kva mål og tiltak som må til for at Time kulturskule i større grad kan bli eit lokalt ressurscenter for kulturestetiske fag. I framtida vil det vera naturleg å sjå Time kulturskule som ein sentral del av Bryne sitt heilskaplege regionale kultur- og kunnskapssenter. Utnemninga til demonstrasjonskulturskule for perioden 2007-2009 legg eit viktig grunnlag for den vidare utviklinga av Time kulturskule.

Del 3 gjer greie for dei administrative og økonomiske konsekvensane av handlingsplanen. **Litteraturoversikt** følgjer som vedlegg.

Lovgrunnlag og nasjonal føring

Kulturskulen er forankra i tradisjonen til den tidlegare kommunale musikkskulen. Skuleslaget blei lovfesta og kom inn i opplæringslova i 1997.

”Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.”¹

Det er eit kommunalt ansvar å fastsetja innhald og storleik på skulen.

I forarbeida til kulturlova av 2007 blir kulturskulen si oppgåve med å driva kunst- og anna kulturfagleg opplæring og utdanning framheva (jf. § 2d).²

Nasjonal strategiplan

Kunnskapsdepartementet sin ”Strategiplan for kunst og kultur i opplæringa 2007-2010, Skapande læring”, har som mål at kulturskulen skal utviklast til å bli eit kulturpedagogisk ressurscenter for lokalsamfunnet. Strategiplanen nemner gjennom ni punkt korleis dette kan realiserast (jf. s. 10). Ei slik utvikling er i tråd med Stortingsmelding nr. 39 (2002-2003) ”Ei blot til lyst” – om kunst og kultur og legg vekt på samarbeid mellom kulturskole, grunnskule og det lokale kulturlivet.

”Soria Moria – erklæringa” til den nåverande regjeringa nemner at kulturskulane skal gi tilbod til alle som ønskjer det til ein rimeleg pris.

Lokale føringar

Tenestestandard og kvalitetsmål for Time kulturskule er vedtatt³.

Rammeplan for kulturskulen

”Rammeplan for kulturskolen, På vei til mangfold”⁴, gir rettleiande målsetting for drift, innhald og organisatoriske løysingar for tilbodet. Planen gir innspel til korleis kommunen kan driva eit kvalitativt godt kulturskuletilbod med forankring i lokalsamfunnet.

¹Opplæringsloven § 13 – 6

² Lov om offentlege styremakters ansvar for kulturverksemd av 29.06.07

³ K. sak 025/04

⁴ Norsk kulturskoleråd 2003

1. TIME KULTURSKULE ANNO 2008

Time musikkskule blei oppretta i 1971 med eit avgrensa fagtilbod innan instrumentalopplæring. 153 elevar fekk plass ved første opptak.

Musikkbarnehage, skulekor og skulekorps blei lagt til musikkskulen i løpet av 80-talet.



Ved obligatorisk skulestart for 6-åringar blei det innført fast samarbeid om musikktilbod for første trinnet i grunnskulen. Faga ”Musikk for 1. trinn” og ”Musikk fra livets begynnelse” (mflb- musikkgrupper for foreldre og barn 0-4 år) er begge ei naturleg vidareutvikling av den tidlegare musikkbarnehagen.

I samarbeid med kulturkontoret blei det i 1993 starta tilbod om å spela i band for vaksne med ekstra hjelpebehov.

I 1998 endra skulen namn til Time musikk- og kulturskule. Nyetablering av gruppetilbod innan kunstfag, dans og drama førte til stor auke i elevtalet.

Frå 90-talet og fram til i dag har skulen utvikla seg frå å vera ein tradisjonell musikkskule til å tilby eit mangfald av kulturestetiske fag for barn og unge i alderen 0-16 år.

I tråd med nasjonal utvikling og utvida kulturfaglege tilbod endra skulen namn til Time kulturskule i 2004.

Våren 2008 har skulen ca. 560 elevplassar fordelt på faga musikk, dans, drama og kunstfag. Tilbodet er organisert som individuell undervisning og i grupper med varierende storleik.

A. Omfang og aktivitet ved kulturskulen

Det er Time kommune som eig og driv Time kulturskule. Kulturskulen er organisert saman med skular, barnehagar, PPT, språkstasjon, helsestasjon og barnevern i tenesteområde Oppvekst.

Kulturskulen er pr. definisjon ein opplæringsinstitusjon med hovudoppgåve innan undervisning i kunstestetiske fag og fell naturleg inn som ein del av tenesteområdet Oppvekst.

Kulturskulen arbeider etter fellesvisjon for Oppvekst:

”Alle barn og unge har oppvekstvilkår som gir dei lyst på livet og evne til å meistra det.”

Undervisninga fokuserer på å gi barn og unge eit tilpassa opplæringstilbod i musikk- og kunstfag basert på kvalitet og glede.

Time kulturskule sine tilbod

Utviklinga frå oppstarten i 1971 til i dag har ført til eit variert og spennande fagtilbod innan mange kunst og kulturuttrykk for aldersgruppa 0-16 år, både innan individuelle fag og gruppetilbod.



Våren 2008 har skulen om lag 560 elevplassar fordelt på fire fagområde: Musikk, dans, kunstfag og drama. Musikkavdelinga inneheld følgjande undervisningsdisiplinar: ”Musikk fra livets begynnelse” 0-4 år, ”Hokus og Pokus” 4-6 år,

Musikkverkstad 2.-3. trinn, korgruppe, opplæring på fiolin, cello, fløyte, gitar, el.gitar, klarinett, saksofon, kornett, piano, song, trekkspel, slagverk og band. I tillegg kjem skulekorpsmedlemmer frå fem skulekorps og elevar frå 1. trinn i grunnskulen. Kulturskulen tilbyr og prosjektbaserte opplegg til grunnskuleelvar, barnehagebarn og barn med særskilde behov.

Hausten 2008 blir tilbodet i kulturskulen utvida med ”skapande skrivning” som nytt fagtilbod. Time kulturskule kompletterer dermed dei fire eksisterande hovudretningane musikk, dans, drama og kunstfag med skapande skrivning som ein femte fagkrins.

Kulturskulen gir tilbod til barn og unge i ulike alder frå alle skulekrinsane i kommunen. For å skapa eit kompetansestøttande miljø for dei tilsette, er kulturskulen sine aktivitetar i hovudsak sentralisert til Bryne skule. Dette fører til at elevane må reisa til Bryne sentrum for å få undervisning. Berre eit avgrensa tilbod innan vokal- og instrumentalopplæring og musikkverkstad blir gitt i skulekrinsane Rosseland, Undheim, Lye og Frøyland. Sekkelageret på Bryne Mølle blir nytta til mflb-grupper på dag- og kveldstid, samt til konsertar og utstillingar.

Det eksisterer i dag ei øvre aldersgrense på 16 år. Dette vil i praksis seia at elevane mister plassen etter avslutta 10. trinn i grunnskulen.

Skulekorpsa

Time kommune har fem skulekorps. Dirigentar og instruktørar er tilsette i Time kulturskule og rektor ved kulturskulen har arbeidsgjevaransvar. Alle skulekorpsa har eigne styre, som er ansvarlege for drifta. Det er stort behov for kvalifiserte instruktørar til opplæring på ulike instrument i skulekorpsa. Fleire av skulekorpsa kjøper ekstra undervisningstid frå kulturskulen. Våren 2008 kjøper dei fem skulekorpsa om lag 60 % stilling ut over tildelt kommunal ressurs til dirigering og instruksjon. I tillegg kjem korpsa sine eigne avtalar med eksterne instruktørar. Kommunen er teknisk utlønner av ekstratimane, men har ikkje arbeidsgjevaransvar for denne stillingsdelen og arbeidstakarane får ikkje pensjonspoeng. Styret i det enkelte skulekorps er ansvarleg for denne type tilsetjing. Skulekorpsa har hatt same modell i snart 20 år. Ulike storleik på korpsa og ulike behov for instruktørhjelp gjer at eksisterande finansieringsmodell bør revurderast. Frøyland skulekorps og Undheim&Eikeland skulekorps har starta eit samarbeid med grunnskulen om instrumentalopplæring i skuletida/SFO-tida.



Kvalitetsnormer

Time kulturskule har utarbeidd eigen tenestestandard (2004) med desse kvalitetsmåla:
1. Pedagogisk grunnsyn, 2. Elevmedverknad, 3. Foreldremedverknad, 4. Utvikling
Den tildelte undervisningstida pr. veke varierar frå ein mal på 20 minutt, for individuell vokal-/ instrumentalundervisning, til 45–120 minutt i gruppefag. Elevar som har individuell ressurs går, fast eller i periodar, i lag med andre elevar. Dei får dermed meir undervisningstid.

Lærarane har ansvar for å tilpassa opplæringa og kan organisere undervisninga i smågrupper eller i veksling mellom einetimar og gruppesamlingar. Alle elevar på song og instrument skal ha tilbod om samspel. Undervisninga er individuelt tilpassa. Det er utarbeidd fagplanar og årsplanar.

Tolærarsystem er innført i alle gruppefag unntatt dans og ”Musikk fra livets begynnelse”. Det pedagogiske personalet er organisert i team og fagseksjonar. Faget ”mflb” arbeider etter retningslinjer frå ”Foreningen Musikk fra livets begynnelse”.

Pedagogisk plattform

Kulturskulen er eit kunstnarisk og kulturelt veksthus med verdi for den enkelte og fellesskapet. Undervisningsmetodane som blir nytta i kulturskulen skal fremja opplæring, gi oppleving i og begeistring for estetiske fag.



Lærarane i Time kulturskule har gjennom fleire år arbeidd bevisst med å prøva ut alternative modellar og metodar for meir bruk av samspel i undervisninga. Ei bevisst samling av mest mogleg undervisning på ein stad, der fleire lærarar arbeider på same tidspunkt, gjer det enklare å få til gode løysningar på tvers av instrumentgrupper.

Kulturskulen har som målsetting å vera synleg i lokalsamfunnet og har stor grad av samarbeid med frivillig kultur- organisasjons liv, barnehagar og grunnskulane. Kulturskulen gjennomfører årleg fleire store eigne prosjekt og oppsettingar med fokus på tverrfagleg prosjektsamarbeid.

Måla for prosjekta er at:

- 1) Elevar og lærarar får utfordringar og lærer noko nytt
- 2) Elevar får samarbeida på tvers av alder, fag og skulekrins.
- 3) Kulturskulen blir synleg i kommunen.

I tillegg held skulen mindre konsertar, førestillingar og kunstutstillingar for foreldre og andre interesserte. Mange av elevane er med på speleoppdrag rundt om i kommunen. Kulturskulen deltek og ved ulike arrangement i kommunal regi.

Tabell: 1 Speleoppdrag utanom eigne arrangerte konsertar og førestillingar

Skuleår	Speleoppdrag
2005/2006	43
2006/2007	47
2007/2008	62

Skulen har eit tilbod som gir rom for livsglede og stimulerer til læring og utvikling, respekt og likeverd. Ein undervisningsmetode der teorien om menneskets mange og samansette intelligensar⁵ skaper grunnlag for å møta den enkelte elev med tru på at han kan, har mange sterke sider og vil få til noko.

Brucarundersøkingar

Kulturskulen har gjennomført to brukarundersøkingar, ei i 2005 og den siste i mai 2008⁶. Alle elevar frå og med 4. klasse og føresette til alle elevar uavhengig av alder deltok.

Det er svært små endringar frå 2005 til 2008.

Føresette er delte på midten når det gjeld semesteravgift. Rundt 45 % meiner at elevkontingenten er passeleg høg. Like mange er usamde i dette. Dette gjeld både for individuell og gruppeundervisning.

Undersøkinga tyder på at brukarane er godt nøgde med kulturskulen i Time. Når 95 % av elevane svarer at dei likar å gå på kulturskulen, og like mange føresette seier det same, må dette seiast å vera svært bra.

Det er ikkje nokon område som brukarane er særleg misnøgde med. Men kulturskulen synest ikkje å vera like flink til å gi informasjon til føresette til barn med gruppeundervisning som for individuell undervisning.

Elles er det stor semje mellom føresette og elevar i vurderingane av kulturskulen. Ikkje noko område peiker seg ut med særleg avvikande syn.

⁵ jf. Howard Gardner

⁶ Sak 33/08 i Levekår.

Demonstrasjonskulturskule 2007-2009

Kulturskulane i Time og Tolga blei i 2007 utnemnd til demonstrasjonsskular for perioden 2007-2009. Året før fekk Trondheim og Larvik den same statusen.



I grunngevinga til juryen blei det framheva at Time kulturskule nyttar arbeidsmetodar der elevmedverknad står i sentrum og at det er utstrakt samarbeid med aktørar utanfor eigen organisasjon. Det blir lagt vekt på at Time kulturskule når mange, og at skulen har høg deltaking av innvandrarar i vanlege kulturskuleaktivitetar. Samarbeidet med språkstasjonen i samband med norskopplæringa for vaksne blir og trekt fram som spennande.

Juryen la vekt på at Time kulturskule har gode tilbod for barn og unge med psykiske og fysiske funksjonshemningar, og at kulturskolen i Time er ein sentral aktør i samband med gjennomføringa av "Den kulturelle skolesekken" i kommunen. Kulturskulen har ei fleksibel organisering av undervisninga, som resulterer i at grupper blir sette saman på tvers av alder, instrument og skulekrins. Skulen har god ressursutnytting gjennom samlokalisering og felles lærarstillingar.

Oppdraget som demonstrasjonsskule inneber i prosjektperioden å sørgja for erfaringsspreiing til andre om lokalt utviklingsarbeid, gjennom å visa fram strategiar, prosessar, systematikk, metodisk arbeid o.a. som har ført til betring av læringsmiljø, gitt økt læringsutbytte og økt lokalt samarbeid. Arbeidet vil kunna skje på ulike måtar, t.d. gjennom etter- og vidareutdanning av leiarar og lærarar, ved besøks- og kursverksemd og gjennom frikjøpsordningar for rektorar eller andre ressurspersonar.

Hospiteringsordningar og tilbod om praksisplassar for studentar i kunstutdanning eller anna samarbeid med lærarutdanningsinstitusjonar kan også vera aktuelt. Det blir viktig å sikra eit økonomisk grunnlag for å vidareføra aktivitetar og erfaringar etter at prosjektperioden er over

Lokalisering

Time kulturskule har sidan oppstarten hatt hovudbase på Bryne skule. Det er etablert eit godt samarbeid med skulen om felles bruk av lokale, ein del instrument samt lyd- og lysutstyr. Stor vekst i elevtalet ved både Bryne skule og i kulturskulen skaper utfordringar for dagleg bruk av undervisningslokale og framsyningsarenaer.

Lokala kan ikkje nyttast av kulturskulen i skuletida, noko som avgrensar lærarane sitt høve til eiga øving på dagtid. Lærarane i kulturskulen skal utføra størsteparten av årsverket på arbeidsplassen. Dette stiller krav til fleire disponible rom for eigenøving/kunstnarisk eigenutvikling, møteverksemd og før- og etterarbeid på dagtid, samt tilgjengelege undervisningsrom. Grunnskulen har dei 2 siste åra fått auka timeressurs på ulike trinn. Dette fører til at kulturskulen må starte undervisninga seinare på dagen.

Årsverk

Skulen sin tildelte administrasjonstid har ikkje auka i takt med skulen sin vekst og utvikling. Auka elevtal, meir gruppeundervisning, teamarbeid og tverrfagleg satsing for personalet samt arbeid med eksternt finansierte prosjekt, stiller større krav til skulen sin administrasjon. Våren 2008 har kulturskulen 10,22 årsverk. 1,3 av desse er avsett til administrasjon fordelt på rektor, inspektør og kontormedarbeidar.

Av skulen sitt totale årsverk på 10,22 går 8,92 til undervisning, om lag to av desse er nytta til dirigenteneste og noko undervisning i skulekorpsa. Skulen har totalt 25 tilsette.

Dei fleste lærarane er tilsette i deltidstillingar. Stillingsstorleiken varierar frå 8 % til 100 %. Det er ei målsetting å auke stillingsstorleiken for lærarar som ønskjer dette. Berre to av 25 tilsette har i dag full stilling.

Prosjektstillingar for Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken, Musisk prosjekt, samt eksternt finansierte prosjekt for barnehage og grunnskule og sal av ulike tenester, er ikkje tatt med.

Tabell 2: Oversikt over personalressursar 1999-2008, faste stillingsheimlar og administrativ ressurs,

År	Årsverk inkl. adm.	Adm. ressurs
1999	7,27	0,75
2003	8,49	1,02
2007	9,97	1,30
2008	10,22	1,30
(*)2008	10,67	1,40

(*) I samband med behandlinga av Timeplanen 2008 – 2011 vedtok kommunestyret å løyva 200 000 kr til kulturskolen. Midlane var tiltenkt auka aktivitet i kulturskolen med sikte på å redusera ventelista. Budsjettedtaket har gitt ei auke i årsverket på 0,45. Midlane er delvis tatt i bruk våren 2008, resten blir nytta frå 1. aug. 2008.

B. Nasjonalt og regionalt samarbeid

Norsk kulturskoleråd er ein interesseorganisasjon for alle kommunar i landet som har kulturskule. Det er den enkelte eigarkommunen, som er medlem i organisasjonen. Norsk kulturskoleråd har utarbeidd ein rettleiande rammeplan for kulturskulane. Planen gir kommunane idèar om innhald og organisatoriske løysingar for eit kvalitativt godt kulturskuletilbod med forankring i det enkelte lokalsamfunnet. Det er også utarbeidd ei eiga handbok for kvalitetsutvikling.⁷

Time kulturskule ved rektor og andre, deltek regelmessig på møte og arrangement i regi av Norsk kulturskoleråd si rogalandsavdeling. Rektor ved Time kulturskule sit for tida som vararepresentant til styret for avdelinga i Rogaland.

”Nettverk Jæren” er samansett av rektorar frå kulturskulane i Klepp, Hå, Gjesdal, Sandnes og Time. I tillegg eksisterer det interkommunale fagnettverk for kulturskulelærarar og administrativt tilsette.

Våren 2001 blei det fremja forslag om å slå saman kulturskulene i Time og Klepp. Forslaget fekk ingen politisk tilslutning verken i Klepp eller Time.⁸

Det er naturleg å kunna samarbeida med nærliggjande kommunale kulturskular når dette gir det beste tilbodet for brukarane. Ballettundervisninga blir organisert av Klepp kulturskule og finn stad på Kleppe skule. ”Musikk fra livets begynnelse” blir organisert av Time kulturskule, men er også open for deltakarar frå Klepp kommune. Klepp kulturskule har gjennom fleire år kjøpt undervisningstimar på cello. Dette fell vekk f.o.m. hausten 2008. Time kulturskule kjøper nå cellotimar frå Sandnes kulturskule.

Time kulturskule samarbeider med Stavanger kulturskule (”Lørdagskolen”) og Universitetet i Stavanger (”Unge musikere”) om rekruttering av elevar på høgt nivå til eigne talentutviklingsprogram. Opptak skjer etter særskild søknad, intervju og prøvespill. Kulturskulen verdset eit utvida samarbeid mellom utdanning og yrkeskvardag og ønskjer å oppretta rettleiingsplassar for studentar på kunstfagavdelinga ved Universitetet i Stavanger.

Kulturskulen samarbeider med andre kommunale tenesteeiningar i tenestemråda Oppvekst, Samfunn og Omsorg.

⁷ ”Bedre og bedre” (Norsk kulturskoleråd 2005).

⁸ Driftskomiteen, sak. 066/05.

C. Kulturskulen som lokalt ressurscenter

Kulturskulen i Time står i dag fram som ein offentleg undervisningsinstitusjon tillagt oppgåver som eit utvida ressurscenter for kulturestetiske fag. Skulen skal til ein kvar tid kunne tilby eit allsidig og kvalitativt godt fagtilbod.



Aktivitet, fagtilbod og omfang skal til ein kvar tid samsvare med den generelle samfunnsutviklinga. Dette gjeld både tal på innbyggjarar og befolkningsmangfald. I Kunnskapsdepartementet sin strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007-2010⁹, blir ni punkt for korleis kulturskulen kan etablerast som eit lokalt ressurscenter nemnde. Time kulturskule er godt i gang og arbeider aktivt på dei fleste av punkta, men har likevel eit godt stykke igjen før skulen kan tilby permanente tilbod til alle brukargrupper.

- 1) ”Videreutvikle det tradisjonelle kulturskoletilbudet til å omfatte et større antall elever og flere ulike kunstuttrykk som speiler det kulturelle mangfoldet i samfunnet
- 2) Utvikle kulturskolen som faglig ressurs for barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring i samarbeid med institusjoner i lokalmiljøet som arbeider med ulike kunstuttrykk, og med organisasjoner med skolerettet virksomhet
- 3) Utvikle kulturskolen som lokal tilbyder og arrangør av konserter, utstillinger og forestillinger m.m
- 4) Utvide og utvikle samarbeid mellom rektorer og skoleledere i de ulike skoleslagene i realisering av Skapende læring, strategiplan for kunst og kultur i opplæringa.
- 5) Kulturskolens fagpersonale sammen med lærere bistår eleven med å mestre kompetansemål i læreplaner
- 6) Utvikle samarbeidsprosjekter mellom grunnskolen og kulturskolen i kunstfag/estetiske fag og innenfor tverrfaglig undervisning i alle fag
- 7) Sambruk og samarbeid om tilgjengelige ressurser – faglige, økonomiske og mht. rom og utstyr
- 8) Bidra til at elevene i grunnopplæringa får møte profesjonelle kunstnere og kulturformidlere
- 9) Gjennom pedagogisk veiledning og arbeid bidra til at Den kulturelle skolesekken benyttes aktivt i undervisningen”

Kompetanse

Personalet i kulturskulen har høg kompetanse, både kunstfagleg og pedagogisk. Alle tilsette er utøvande innan sine kunstnariske fagfelt. Fleire lærarar har kompetanse til, og har ønskje om, utøvande verksemd i stillingane sine. Slike arbeidsoppgåver kan naturleg inngå i det allereie etablerte samarbeidet mellom kulturskulen og Den kulturelle skulesekken i Time (kunst- og kulturformidling til grunnskulebarn), Den kulturelle spaserstokken (kunst- og kulturformidling til eldre), Jæren symfoniorkester, kommunale arrangement og tilstellingar, samt eigne konsertar/arrangement o.a. Sal av tenester til lokalt næringsliv kan og vera aktuelt. I tillegg til dei pedagogiske oppgåvene ved kulturskulen, vil kunstformidling frå tilsette lærarar vera viktig framover.

Stillingsinnhaldet til kulturkulelærarane kan i framtida utvidast med kunstnarisk utøvande arbeid i nærmiljøet og auka bruk av estetisk faglærarkompetanse i barnehagar og grunnskule samt i opplæringsområdet til lokalt frivillig musikk- og kulturliv.

Sett i eit slikt framtidsperspektiv vil den høge kunstfaglege kompetansen til lærarane i kulturskulen kunne dekke fleire ulike nivå og aldersgrupper og vera disponibel for ein større del av innbyggjarane i Time kommune.

⁹ ”Skapende læring” (juni 2007), s. 25.

Det er viktig å etablere Time kulturskule som ein attraktiv arbeidsplass for pedagogar innan kunst- og kultur. Dei tilsette i kulturskulen dekkjer i dag eit breitt spekter av kulturestetiske undervisningsfag, men dei fleste av lærarane har små stillingar.

Ser ein Time kulturskule som eit framtidig kommunalt ressurscenter for estetiske fag, jf. dei 9 punkta i strategiplanen ”Skapande læring”, vil større stillingsstorleikar og fleire stillingsheimlar i kulturskulen kunna føra til betre og meir allsidig bruk av den høge kompetansen hos dei tilsette.

Prosjektarbeid innan nye fag og samarbeid på tvers

Før fast innføring av dei nye gruppetilboda innan kunstfag, dans og drama blei desse starta opp som mellombelse prosjekt- eller forsøksordningar.

Kulturskulen utfører i dag fleire forsøksprosjekt i lag med både grunnskule og barnehagar i kommunen. Dersom kulturskulen i Time fullt ut skal etablerast som eit lokalt ressurscenter, må arbeidsoppgåver knytt til estetisk formidling, oppleving og opplæring i barnehage og grunnskule vidareførast og etablerast i faste i stillingsheimlar for aktuelle kulturskulelærarar.

Med inspirasjon frå dei nye gruppefaga i kulturskulen har det gjennom fleire år vore gjennomført ulike forsøk med utprøving av nye undervisningsmodellar for instrumental- og vokalopplæringa. I slike høve har den vanlege timeplanen i periodar blitt løyst opp og erstatta av ulike former for gruppeundervisning. Det spesielle ved denne ordninga er at fleire lærarar lettare kan samarbeide om opplegg og gjennomføring. Gruppene blir sette saman både på tvers av alder, instrument, skulekrins og nivå. Lærarane har stor fridom til å nytta denne metoden og er sjølv ansvarlege for å leggja timeplanane. Dette har gitt fleksibilitet i opplæringa. Metoden har utvikla seg over tid, gjennom prøving og feiling. Erfaringa er at elevane på denne måten får eit tilbod som i større grad gir rom for livsglede og allsidig læring.

Norsk kulturskoleråd gav i 2005/2006 etter søknad midlar til ”Skriv dagen”, eit forsøksprosjekt innan skapande skrivning/litteratur. Prosjektet blei sluttført hausten 2006. Kulturskulen fekk på nyåret 2008 tilskot for å vidareutvikla tilbodet om skrivekurs for barn- og unge skuleåret 2008/09.

Norsk kulturskuleråd delfinansierer det 3-årige utviklingsprosjektet ”KOM!” - kreativt oppvekstmiljø - for auka samarbeid mellom kulturskule og grunnskule (2006-2008). Erfaring og opparbeida kompetanse må førast vidare og inngå som eit naturleg og kontinuerleg arbeid mellom skuleslaga.

Delar av Time kommune sine øyremerkte statlege psykiatrimidlar er skuleåret 2007/2008 nytta til ”Musisk gruppe for barn med særskilde behov”.

Kulturskulen fekk tilskot frå Norsk Kulturskoleråd til å gjennomføra utviklingsprosjektet ”Estetiske spor i barnehagen” (2007/2008). Målet var å virka til auka bruk av estetiske fag i barnehagekvardagen. Vidareføring skuleåret 2008/2009 er finansiert av demomidlar.

Med midlar frå den nasjonale ”Foreningen Musikk fra livets begynnelse” gjennomfører Time kulturskule eit rettleingsprosjekt for auka bruk av musikk i barnehagen (våren 2008). Med psykiatrimidlar har kulturskulen starta eit prøveprosjekt med tilrettelagd ”musisk gruppe” for barn med særskilde behov. Tilbodet er blitt godt mottatt, vidareføring skuleåret 2008/2009 er finansiert av demomidlar.

Prosjektarbeid av denne type krev tid til administrasjon, både før, under gjennomføringa og i sluttevalueringa. Dei økonomiske rammene for desse prosjekta er tildelt i eit avgrensa tidsrom og gir pr. i dag ikkje midlar for å vidareføra prosjekta som faste tilbod i kulturskulen.

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er ei statleg satsing på profesjonell formidling av kunst og kultur til grunnskulebarn. ¹⁰Den kulturelle skulesekken er lokalt forankra med kulturskulen som fagleg og pedagogisk bidragsytar innan fleire kunstarter.




Ordninga er finansiert av tippemidlar med økonomisk fordeling til fylkeskommune og kommunar. Kulturskulen har vore med i Time kommune sin prosjektgruppe sidan ordninga blei etablert i 2003. Fleire av kulturskulen sine tilsette deltek i lokale prosjekt, men har ikkje dette innbakt i si stilling.

Den kulturelle spaserstokken

Time kommune fekk etter søknad tildelt mellombelse midlar for oppretting av aktivitet innanfor ei ny ordning med kunst- og kulturformidling for eldre, Den kulturelle spaserstokken. Tre lærarar frå kulturskulen er engasjerte som utøvande musistarar og reiser våren 2008 rundt med eit formidlingsprogram til dei kommunale eldreinstitusjonane i Time.

Kulturskulelærarane har ikkje dette innbakt i sine stillingar. Med spesifiserte stillingsheimlar til utøvande verksemd ville kulturskulen sine lærarar i større grad kunna skapa lokale kvalitetssikra produksjonar for Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken i Time.




Jæren symfoniorkester

I dag samarbeider kulturskulen med Jæren symfoniorkester om rekruttering av barn og unge. Orkesteret blei etablert i 1982 og får i dag driftsstøtte frå dei tre Jærkommunane Hå, Klepp og Time. Jæren symfoniorkester skal vera ei drivraft i det lokale kulturlivet, ein møteplass for amatørmusikarar, barn og ungdom som ønskjer ein samspelsarena samt gi arbeidsoppdrag for profesjonelle musistarar/kulturskulelærarar i distriktet. I tillegg til eigne arrangement og konsertar blir symfoniorkesteret i dag brukt til offisielle kommunale arrangement i Time, som til dømes Nyttårskonsert og kulturprisutdeling. Gjennom å opprette eigne musistarstillingar og å vidareutvikle samarbeidet med dei kommunale kulturskulane på Jæren, kan orkesteret bidra til framsyningar med større bredde og mangfald. Dette vil auke samspelet mellom barn og unge, amatørar og profesjonelle og gi eit løft for det lokale kulturlivet i Time og på Jæren.

D. Elevtalsprognosar, aldersfordeling og ventelister

Elevtalsutvikling i Time 2006 - 2020 (*)



Etter prognosen i 2008 skal det vera 2349 grunnskuleelvar i aldersgruppa 6-15 år i Time. Kommunen tilbyr ca. 485 elevplassar i kulturskulen for denne aldersgruppa. Prognosen for 2010 - 2020 viser at talet på plassar i kulturskulen må aukast for å halda tritt med folkeauken.

(*) Oppdatert prognose i sak 01/08 i kommuneplanutvalet.

¹⁰ Stortingsmelding nr. 38 (2002-2003). Den kulturelle skulesekken

Tildeling av elevplassar

Time kulturskule er i utgangspunktet open for alle interesserte. Det er ikkje nødvendig med forkunnskapar for å få plass.

Kulturskulen har ikkje ordinært tilbod til ungdom etter 10. trinn i grunnskulen. Berre unntaksvis og etter særskild grunngjeving, har elevar plass etter fullført 10.trinn.

Det eksisterer tilbod til vaksne elevar med spesielle behov. Andre vaksne har ikkje høve til å søkje om plass. Søknad til kulturskulen skjer elektronisk.

Tabell 3

Aldersfordeling	Elevplassar (pr. 01.10.07)
0-5 år	(*) 76
1.-7. trinn	302
8.-10. trinn	181
Vidaregåande skule	10
Vaksne elevar	11
Sum	580

(*) I tillegg deltek ein føresett til kvart barn.

Kulturskulen sin administrasjon organiserer og gjennomfører elevopptaket kvar vår. Følgjande kriterium blir lagt til grunn for tildeling av plass: Elevar som har søkt fleire gonger kjem først, vidare opptak skjer etter alder. Det blir i nokre høve teke omsyn til skulekrins og gruppesamansetning ved tildeling av plass. Dersom elevar står likt etter desse punkta, blir det gjennomført loddtrekning.

Ein del elevplassar blir sett av til barn og unge med innvandrarbakgrunn. Nokre plassar er prioritert barn og unge med særskilde behov.

Det tildeles plass på berre eit instrument. Det er i tillegg høve til å få plass på song eller gruppefag. Talet på aktive elevplassar i kulturskulens fagtilbod er derfor høgare enn talet på registrerte elevnamn.

Tabell 4: Elevplassar og venteliste - Time kulturskule 1999/2000 – 2003/2004 og 2007/2008

Tilbod	Skuleår 1999/2000 (1)		Skuleår 2003/2004 (2)		Skuleår 2007/2008 (3)	
	Elevplasser	Venteliste	Elevplasser	Venteliste	Elevplasser	Venteliste
Musikkundervisning	178	74	210	109	236	105
Visuelle kunstfag	22	0	24	8	48	20
Teater	0	0	27	14	30	22
Dans	14	0	46	39	135	35
Skapande skrivning	0	0	0	0	0	0
Andre kunst- og kulturuttrykk	35	35	130	37	129	35
Totalt	249	109	437	207	578	217

(1)Kjelde: Grunnlagsopplysningar for utarbeiding av statistikk for musikk og kulturskular, Norsk kulturskoleråd har berre oppdatert venteliste for instrumentopplæring i 1999.

(2)Kjelde: GSI og cetus adm.program

(3)Kjelde: GSI

Det er i dag stor interesse for kulturskulen sine tilbod. Time kulturskule har klart å auka aktiviteten til eit breitt fagtilbod for stadig fleire elevar. Samstundes som fleire barn og unge har fått tildelt kulturskuleplass, aukar også ventelistene for barn og unge som ønskjer å ta del i skulen sine tilbod.

Dei store søkjartala i forhold til ledige elevplassar kan innan nokre fag gi opp til to års ventetid.

Pr. 30. juni 2008 er 260 søknadar registrerte på ventelista for ledig plass i Time kulturskule.

Det er venteliste på alle fagtilboda.

E. Elevkontingent

Etter at det øyremerkte statstilskotet fall vekk i 2004, har elevkontingenten i Time kulturskule auka med 61,5 % for faga med høgste sats.

Under ordninga med øyremerkte statstilskot, sette staten vilkåret for tilskot at kommunane skulle praktisera ei øvre betalingsgrense på 1600 kr pr. år.

Frå og med 2004 var det opp til kommunane å vedta satsane i samband med dei årlege budsjettvedtaka.

Satsane for 2008 ligg mellom 2600 kr for vokal- og instrumentalundervisning og 1350 kr for dei lågaste gruppefagsatsane. I tillegg kjem utgifter til materiell, noter og ev. instrumentleige. Det er ikkje innført søskenmoderasjon.

Tabell 5: Betalingsssatsar for ulike fagtilbod i Time kulturskule pr. 1. jan. 1999, 2003, 2007 og 2008.

Aktivitet	Organisering	Årspris 1999	Årspris 2003 (*)	Årspris 2007	Årspris 2008
Instrumental/vokal	Individuell	1600	1600	2500	2600
Bankers	Gruppe	1600	1600	2000	2100
Drama	Gruppe		1200	2000	2100
Kunstfag	Gruppe	1600	1600	2000	2100
Materialutgifter kunstfag			400	520	520
Musikk fra livets begynnelse	Gruppe	1000	1200	1700	1775
Dans	Gruppe		1200	1700	1775
Musikkverkstad	Gruppe		1200	1700	1775
Hokus & Pokus (Musikkbarnehage)(**)	Gruppe		1200	1700	1775
Korgruppe	Gruppe	Eige skule - kor	1200	1300	1350
Band (må ha instrumentalplass)	Gruppe	Ikkje bet. sats	Ikkje bet. sats	1000	1050
Instrumentleige		400	400	500	500
Musisk gruppe, prosjekt	Gruppe			1300	1300

(*) Øyremerkte statstilskot til kommunale musikkskular blei innført i 1982. For budsjettåret 2004 blei maksimumsgrensa for betaling oppheva av staten. Frå same året gjekk øyremerkte tilskot inn i rammetilskotet.

(**) Musikkbarnehagen blei ein del av 1. trinnet i grunnskulen.

2. HANDLINGSPLAN

Intensjonen med denne planen er å sikre den kommunale kulturskulen ein trygg og føreseieleg forankring slik at barn og unge sine opplæringsbehov innan musiske og kulturestetiske fag blir ivaretatt. Målet for framtida er at alle som ønskjer det skal få ta del i kulturskulen sitt opplæringstilbod. Det er viktig at kulturskulen sitt tilbod til ein kvar tid har høg kvalitet og at prisenivået ikkje er så høgt at brukargrupper blir utelukka frå å kunna delta.

I tillegg må kulturskulen som eit lokalt ressurscenter for estetiske fag ha tilsette som kan tilby profesjonell formidling og konsertering på ulike arenaer innan ulike kunstfaglege område.

Nedanfor følgjer 10 mål med tilhøyrande tiltak. Måla er ikkje sett i prioritert rekkefølge. Prioritering kjem fram i del 3, administrative og økonomiske konsekvensar av handlingsplanen.

Mål 1: Undervisningstilbod for elevar 0 – 18 år

Den kommunale kulturskulen skal tilby allsidig og fagleg god kunstestetisk opplæring til barn og unge i alderen 0 – 18 år. Det er særleg viktig å kunne tilby eit slikt undervisningstilbod på fritida for elevar som ikkje vel å følgja den estetisk retninga i vidaregåande skule.

Oversikt i Rogaland viser at 25 av 26 kommunar gir tilbod for elevar etter 10. trinn. Time kommune gir denne type tilbod berre ved særskilde høve. I eit framtidsperspektiv er det ønskeleg å opne opp for elevplassar til vaksne.

Tabell 6: Oversikt over tilbod i kulturskulen til elevar etter 10. trinnet i nabokommunane

	Sandnes	Stavanger	Hå	Klepp	Gjesdal	Time
Elevar med tilbod etter 10. trinn	139	216	38	22	34	(*) 20
Totalt elevtal i kulturskulen	1377	2644	375	404	300	507
Elevar over 10. trinn i % (ca.)	10	9	10	5	10	2,5

Kjelde: GSI 2007

(*) Av desse er 11 vaksne, som har særskilt behov i samspelsgruppa "Bankers"

Tiltak:

- A: Elevplassar etter ønskje i alderen 0 – 18 år.
- B: På sikt oppretta elevplassar til vaksne som ønskjer det.

Mål 2: Styrkja fagtilbodet til elevar med spesielle behov eller særleg talent

For å kunna skapa eit fagtilbod som gir optimal kvalitet på undervisninga, må det avsetjast stor nok tidsressurs til undervisning.

Å etterkoma individuelle behov kan krevja meir enn det som i utgangspunktet er avsett tidsressurs for kvar enkelt.

Gruppefag som har elevar med spesielle behov eller særleg talent, bør styrkjast med ekstra lærarressurs.

Tiltak:

- A: Opne for at foreldre og/eller lærarar kan søkja om ekstra tidsressurs for elevar med spesielle behov innanfor ordinær semesteravgift.
- B: Opne for at foreldre og/eller lærarar kan søkja om ekstra tidsressurs for elevar med særskilt talent innanfor ordinær semesteravgift.

Mål 3: Innføra elevkontingent med god sosial profil

Elevkontingenten i kulturskulen gir mange familiar svært høge utgifter. For høg kontingent kan føra til at fleire barn og unge i kommunen blir stengde ute frå å delta i tilboda ved kulturskulen.

Time kulturskule har mål om auka samhandling med barn og unge med annan kulturbakgrunn. Skulen ønskjer større grad av rekruttering og tilbod til personar med innvandrarakgrunn.

Tiltak:

- A: Innføra felles elevkontingent på 1600 kr for alle elevplassar uavhengig av fag.
- B: Subsidera elevkontingenten for elevar frå familiar med låg betalingsevne.

Mål 4: Tilby ressurspersonar for å styrkja det estetisk fagtilbodet i grunnskule og barnehage

Målet om kulturskulen som lokalt ressurscenter, inneber i større grad at me må nytta kulturskulen sin spisskompetanse som fagleg ressurs for skule og barnehage.

Tiltak:

- A: Auka stillingssamarbeid med grunnskule og barnehage.
- B: Prosjektarbeid gjennom ev. sal av tenester.

Mål 5: Utvikla samarbeidet om opplæring i skulekorpsa

Kulturskulen bør ha nok elevplassar til opplæring av alle skulekorpsmedlemmar som ønskjer det.

Alle korpsa har tilnærma lik ressurs for dirigentar og instruktørar. Korpsa varierer mykje i storleik, og det bør vurderast å omprioritera fordelinga av opplæringsmidlar ut frå dette. Skulekorpsa er lokalisert på den enkelte skule. Erfaringar frå forsøksordninga om instrumentalopplæring i skuletida/SFO-tida må tas med i det vidare arbeidet.

Tiltak:

- A: Kulturskuleplass til korpsmedlemmar som ønskjer dette.
- B: Justera modell for organisering av opplæring i skulekorpsa.

Mål 6: Oppretta kulturskuletilbod til alle som står på venteliste i Time

Kulturskulen har i mange år hatt lange ventelister. Auka innbyggjartal i kommunen i aldersgruppa 0-18 år vil gi fleire søkjarar også i framtida¹¹.

Tiltak:

- A: Oppretta fleire elevplassar for å redusera ventelistene.

Mål 7: Kulturskulen skal ha ein administrasjonsressurs som er tilpassa aktivitetsnivået

Når elevtalet og talet på lærarar aukar og fleire tilbod blir lagde til kulturskulen, må ressursen til administrasjon aukast. Administrasjonen er allereie i dag tillagt nye oppgåver grunna utvida fagtilbod og auka elevtal. Ei utvikling av kulturskulen som lokalt ressurscenter for estetiske fag, vil krevja meir tid til administrasjon.

¹¹ jf. s. 13

Tabell 7: Samanlikning med nabokommunar – elevplassar, elevtal og årsverk

Kommune	Elevplassar	Elevtal	Årsverk Totalt	Årsverk til administrasjon
Gjesdal	300	300	6,33	0,9
Hå	432	375	9,13	2,35 (heile kulturtorget)
Klepp	548	404	7,52	1,3
Sandnes	1698	1377	36,36	4,4
Stavanger	3088	2644	59,29	7,5
Time	578	507	11,22	1,3

Kjelde: GSI - 2007

Tiltak:

A: Tilpassa administrasjonsressursen til kulturskulen sitt aktivitetsnivå.

Mål 8: Innarbeida utøvande del i stillingane til kulturskulelærarane

Det er eit siktemål å skapa attraktive stillingar med utøvande verksemd innarbeidd i stillingsressursen. Tilsette kan tilby konsertering på ulike arenaer og innan ulike kunstfaglege område, som igjen kan gi levande kunstnariske impulsar til lokalsamfunnet. Dette kan vera utøvande stilling i Jæren symfoniorkester, Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken eller anna kunstformidling, samt organisering og sal av utøvande tenester.

Tiltak:

A: Innarbeida utøvande kunstnarisk verksemd i stillingane til kulturskulelærarane.

Mål 9: Kulturskulen skal til ei kvar tid ha lokale som er store nok for verksemda både på dag- og kveldstid

For å ivareta behovet for fleire undervisningsrom til enkelt- og gruppefag på dagtid, bør kulturskulen på sikt inn i større lokale i Bryne sentrum. Øving og arbeidsrom for dei tilsette skal til ei kvar tid vera tilpassa dei tilsette sine behov. Arena for kunstnariske framsyningar må ivaretakast. Lengre dag for elevane i grunnskulen gir behov for lokalitetar utover det vi har pr. i dag. Talet på innbyggjarar i Time kommune aukar og elevveksten i kulturskulen gir behov for større lokalitetar.

Tiltak:

A: Sjå behovet for tilpassa lokalitetar for kulturskulen i eit framtidsperspektiv.

Mål 10: Kulturskulen skal følgja med i den teknologisk utviklinga innan fagområdet

Det er viktig å følgje med i tida og å kunne ivareta kunnskapsformidling innan nye felt ved hjelp av moderne teknologi. Kulturskulen bør også kunna tilby undervisning i fag som t.d. komponering, musikkarrangering, lydforming, lysdesign, foto og film. Kulturskulen treng å auka kompetansen innan nye kunstfaglege retningar som nyttar moderne teknologi. Elektronisk søknad på nett blei innført delvis i 2007 og for fullt i 2008. Når sikre nasjonale kommunikasjonsløyisingar er på plass, vil elektronisk søknad bli vidareutvikla slik at søkjaren får elektronisk tilbakemelding om elevopptak. Dette vil gi mindre tidkrevjande administrasjon av elevopptaket.

Tiltak:

A: Styrkja personalet sin kompetanse i bruk av moderne teknologi.

- B: Investera i teknisk utstyr.
 C: Vidareutvikle administrative rutinar etter innført elektronisk elevsøknad.

3. ADMINISTRATIVE OG ØKONOMISKE KONSEKVENSAER AV HANDLINGSPLANEN

Prioriteringane mellom tiltaka går fram av tabellen nedanfor. Tiltak som er tidfesta tidleg i perioden er mellom dei mest prioriterte.

Utgiftene er førde opp i netto utgifter pr. 1000 kr, dvs. etter at ev. statlege tilskot, semesteravgift og andre inntekter er trekte frå.

Kap. 3 i planen skal rullera saman med prioriteringane i økonomiplanen. Det er gjennom den årlege prioriteringa i økonomiplan at ressursbehovet og ønskelege tiltak i kulturskuleplanen blir vurderte i ein økonomisk heilskap for kommunen.

Tabell 6: Ressursbehov i planperioden 2009-2012 (i 1000 kr)

Mål og tiltak	2009	2010	2011	2012	Etter 2012
1A	15	100	200	200	(*)x
1B					x
2A		15	45	60	
2B		15	45	60	
3A		200	200	200	
3B	15	20	30	30	
4A					x
4B					x
5A					460
5B		10			
6A		100	250	400	1060(**)
7A			60	60	x
8A		100	100	200	x
9A					x
10A		10	20	20	
10B				50	x
10C		15			
Sum	30	585	950	1280	

Merknad:

Ulike tall kvart år i tabellen indikerer ei gradvis økonomisk opptrapping i perioden.

(*) x indikerer at fullfinansiering må vurderast etter 2012.

(**) rekna ut etter venteliste pr.sept.08.

Litteraturliste

Stortingsmeldingar

St.meld. nr. 16 (2006–2007)	<i>Og ingen stod igjen – Tidleg innsats for livslang læring.</i>
St.meld. nr. 22 (2004-2005)	<i>Kultur og næring</i>
St.meld. nr. 48 (2002–2003)	<i>Kulturpolitikk fram mot 2014 Kulturkomitèen viser til kulturskulen si rolle for eit blomstrande musikk- og kulturliv.</i>
St.meld. nr. 39 (2002–2003)	<i>Ei blott til lyst Om kunst og kultur i/og i tilknytning til grunnskulen. Viktigheten av aktivt samspel mellom skule, heim og lokale institusjonar og organisasjonar.</i>
St.meld. nr. 38 (2002-2003)	<i>Den kulturelle skulesekken Den kulturelle skulesekken forankres lokalt med mellom anna kulturskulen som fagleg og pedagogisk bidragsytar innan fleire kunstarter.</i>
St.meld. nr. 40 (1992-1993)	<i>Vi små – en alen lange.</i>
St.meld. nr. 61 (1991–1992)	<i>Kultur i tiden.</i>

Noregs offentlege utgreiingar (NOU)

NOU 1995: 18	Ny lovgiving om opplæring
--------------	---------------------------

Rundskriv/rettleiarar m.m.

Strategiplan (juni 2007)	<i>Skapende læring – Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007-2010</i>
Kulturløftet, pkt 4 2006 – 2014	<i>Kulturskule for alle som ønskjer det</i>
”Soria Moria erklæringa” (2005)	<i>Den raud-grøne regjeringa stadfestar at ”Alle barn og unge skal ha tilbod om plass i kulturskulen til ein rimeleg pris.</i>
Kunnskapsløftet (2005)	<i>Nytt planverk for grunnskulen</i>
”Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver” (2006)	<i>Rammeplan for barnehagen</i>
Norsk kulturråd (2003) Rammeplan for Kulturskolen ”På vei til mangfold”	<i>Rettleiande rammeplan for kulturskulane. Inspirasjon for utvikling av mangfald innan fag- tilbod, pedagogiske metodar og drift. Planen bør liggje som grunnlag ved kommunal politisk forankring av kulturskolens drift.</i>
Eikemoutvalet (1998)	<i>Utredning med bakgrunn i St. meld. nr. 40, ”Vi små en alen lange” og lovfestinga av musikkskoler. ”Kulturskolen - kunststykket i kommunenes satsing for et rikere lokalmiljø” Innspel kring økonomiske konsekvenser ved Dugstadsutvalets fordelingsnøkkel 45% 45% 10% (stat, kommune, brukar)</i>
”Time Musikkskule - 25 år - Bryne Skulekor” (1996)	<i>Jubileumsskriv med fakta om Time musikkskule og Bryne skulekor</i>
”Broen og den blå hesten” (1996)	<i>Samarbeid mellom kulturdepartementet og Utdannings- og forskningsdepartementet. Veiledning for å følge opp tiltak som skal styrke den estetiske dimensjonen i grunnskulen, med sterk vekt på samarbeid med andre kulturinstitusjoner. Mål om å skape helhetlig oppvekstmiljø for barn og unge.</i>

Kulturskolehandboka (1996)	<i>Samarbeid mellom Norsk kulturråd og Norsk musikkskoleråd.</i>
Forsøk med Kunstskoletilbod for barn og unge (1989 – 1993)	<i>Forsøk i 10 kommunar om auka tilbod til barn og unge innan visuell kunst og estetikk.</i>
KS (1989)	<i>Rammeplan for kommunale musikkskoler</i>
Dugstadutvalet (1988–1989)	<i>”Musikkskolene, en dynamo i det lokale skole- og kulturmiljøet.” Analyse av musikkskolenes utvikling og virksomhet. Tiltrådd fordelingsnøkkel utgiftene til musikkskulen mellom stat, kommune og brukar (45 %– 45 %– 10 %) Anbefaling om musikkskuletilbod til 30 % av alle barn i grunnskulealder.</i>
Kommunal musikkskolevirksomhet (KS 1985) Kommunal rapport 2/85	<i>Retningslinjer til drift av musikkskoler, organisering, drift, økonomi og fag.</i>
Hagenutvalet (1981)	<i>Innstilling om kommunal musikkopplæring, lærarbehov, organisering av stillingar, lærarutdanning og utdanningskapasitet.</i>
Brasethutvalet (1975)	<i>Utgreiing om oppretting av musikkskoler i alle kommunar for å sikre eit rikt kulturliv i lokalmiljøet. Ønska samordning mellom musikkskole og offentleg skuleverk.</i>
Trondheim, Bjugn og Sandnes (1974 – 1981)	<i>Samordna musikkforsøk</i>
Howard Gardner (1983)	<i>Frames of Mind, theory of multiple intelligences</i>
Forreningen ”Musikk fra livets begynnelse”	<i>Fagplan for “Musikk fra livets begynnelse”</i>
Time kommune (2004)	<i>Tenestestandard og kvalitetsmål, Time musikk og kulturskule</i>

Logo på framsida er utforma av brynekunstnaren Bente Olsen.



”Mennesker kan synge, i alle tonearter av menneskelig mangfold.
Noen danser, noen skriver, noen maler, noen former, noen leker,
noen lærer, noen leser, noen leter - hvert menneske på sin måte.
Slik meningen er fra begynnelsen av, når barn blir født inn i verden.
Syng din sang! Det handler om tilgangen til eget liv
med egen stemme - som hver enkelts mulighet og utfordring.
Bare slik blir verden til!”

Jon Roar Bjørkvold (Rammeplan for kulturskolen 2003)



Elevarbeid i kunsthøgskolen